




Utsikt: Bjørn Otto Wallevik nyttet den strikka fjorden som ei kappe, medan han hadde den ekte fjorden som utsikt. Hunden Bobbie er nysgjerrig på kva som føregår.

Alle foto: Jen Pepper



Hovudplagg: Hans Pulles nyttet kunstverket som eit hovudplagg.



Sjal: Mads Werner Nordbø Nøtvedt valde å surra fjorden rundt halsen.

Kledde seg i fjorden

Både kunstnarar og kvemmingar fekk prøva å ha på seg Hardangerfjorden i strikka versjon då Jen Pepper fullførte kunstprosjekten ho starta i mars.

VILDE GRIMELID OPPEDAL
oppedal@hf.no

HF har tidlegare skrive om prosjektet til den amerikanske kunstnaren Jen Pepper der Hardangerfjorden skulle strikkast i tradisjonelle, norske mønster. Merete Salvesen Wallevik, Camilla Gangdal og Astrid Farestveit Selsvold har kvar strikka sin del av fjorden. Kunstverket vart sett saman då Pepper vitja Ålvik og kunstnarhuset Messen igjen i byrjinga av juni. Pepper starta prosjektet då ho budde i Messen i mars.

Kunstnaren sjølv vart overvelda då ho såg resultatet av strikkearbeidet.

– Prosjektet vart betre enn eg hadde venta. Det er ein vakker refleksjon av intrikate matematiske likningar, norske strikketradisjoner og dei mange sambanda i eit samfunn symbolisert gjennom garn, fortel Pepper.

Nøgd med resultatet

Pepper avslutta prosjektet med å fotografera både andre kunstnarar som bur på Messen og kvemmin-

gar, medan dei har på seg fjorden som eit klesplagg.

Deltakarane kunne velja ein stad nær fjorden der dei ønskte å verta fotograferte, og vart oppfordra til å ”leika” med verket, fortel kunstnaren.

Ho er svært nøgd med resultatet.

– Kvar person som hadde på seg verket gjorde verkeleg ei framføring av det og bringa det til liv. Då eg starta arbeidet, kunne eg berre håpa at folk ville engasjera seg og kommunisera med verket, seier Pepper.

Kunstnaren fotograferte til saman 22 personar ikledd kunstverket.

– Eg spurde dei fleste eg vart kjend med i mars, og er overraska over kor mange eg var blitt kjend med på berre ein månad.

Avhengig av ekspertisen

Før Pepper reiste frå Ålvik i byrjinga av april brukte ho mykje tid på å gå igjennom prosjektet og forklara ideane sine til dei tre Ålvik-damene som strikka.

– Eg var avhengig av ekspertisen deira for å få fullført prosjektet. Eg gav dei fridom til å endra mønstera, men dei måtte halda seg til topografin av fjorden i forma, fortel Pepper.

Kvinnene bestemte saman korleis fargane og mønstera på verket skulle vera.

– Eg kunne ikkje ha fått ei betre gruppe med strikkarar. Damene var sjølvskire og kreative, og tok avgjersler underveis, seier Pepper.

Veldig kjekt

Merete Salvesen Wallevik tykkjer det har vore både kjekt og utfordrande å vera med på kunstprosjektet.

– Me fekk ei skisse. Det var utfordrande å laga mønster til den og finna forma. Men eg liker at ting ikkje er heilt A4, så det har vore veldig kjekt å jobba med dette, seier Wallevik.

Ho strikka sin første genser då ho gjekk i 8. klasse og har lang erfaring med handverket, men kunstprosjektet var likevel utfordrande til tider.

– Ein periode strikka me fire mønster etter kvarandre fram og tilbake. Men me fiksa det òg, seier Wallevik og ler.

Ho er også nøgd med resultatet.

– Det vart veldig kult. Og Pepper er ei inspirerande dame.

Wallevik har strikka på verket når ho har hatt tid. Grunnen til at ho vart med på prosjektet er så enkel som at Pepper trengde hjelp til å strikka.

– Eg såg at dette vart svært då me teikna konturane heime hos meg. Pepper ønskte først at det skulle vera ferdig tre veker etterpå, men eg sa at det var umogleg.

Dei tre damene brukte kring 2,5 månader på arbeidet.

Wallevik måtte i tillegg strikka sin del på nytt i rekordfart etter at ho gløymde att arbeidet på ein flytur då det berre var 10 cm att å strikka.

– Eg er glad Pepper utsette å komma tilbake til Ålvik til byrjinga av juni slik at me kunne få det ferdig og sy saman delane. Det er kjekt at ho vart så nøgd sidan det var litt opp til oss å tolka ideane hennar, seier Wallevik.

Med til USA

Pepper har teke strikkekunsten med tilbake til USA og håpar å stilla arbeidet ut om ikkje så lenge.

– Den strikka fjorden vil saman med mange av biletta frå Ålvik og video utgjera ei utstilling. Eg håpar å stilla ut arbeidet i USA, Canada og Europa, fortel kunstnaren.

Ho håpar særleg at verket kan stillast ut i Noreg.

– Verket kom i stand i Noreg, både som idé og som ferdig arbeid. I tillegg er det knytt til samfunnet der, seier Pepper.



Kunstnar: Susan Hughes frå Nord-Ireland bur for tida på Messen og stilte opp til fotografering.



Skjult: Anneli Belsvik Aras pakka seg godt inn i kunstverket og glir inn i landskapet.